

RAPPORT FRÅ STYRET, REISELIVSÅRET 2024 DESTINASJON ÅLESUND & SUNNMØRE

Org. nr. 971 447 222 MVA

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (DÅS) er ein medlemsorganisasjon med forretningsadresse i Ålesund. Selskapet arbeide i 2024 aktivt med ei rekke sal og marknadsaktivitetar. Vi har til dømes delteke på 14 nasjonale og internasjonale salsevent og vore vertskap for 12 internasjonale visningsturar retta mot kjøparar av regionalt reiselivsprodukt. Det har også vore gjennomført ulike nasjonale og internasjonale marknadstiltak for å styrke omdømme og merkevara vår som besøksdestinasjon. Destinasjon Ålesund & Sunnmøre var også i 2024 sentral i ulike destinasjonsutviklingsprosjekt i heile regionen.

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre hadde 198 direkte medlemmar ved utgangen av 2024. I tillegg har ein langsiktige samarbeidsavtalar med alle dei 13 kommunane på Sunnmøre; Giske, Hareid, Herøy, Fjord, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørsta og Ålesund.

FORMÅL

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre skal på vegne av medlemmene marknadsføre området som reisemål nasjonalt og internasjonalt, og dermed skape auka trafikk og lønsemd. ***Vi skal skape Norges mest attraktive heilårsdestinasjon!***

STYREARBEID

Styret har hatt fire møter og to strategisamlingar. Det vart behandla i alt trettito saker. Det har også vore gjennomført to fellesmøte saman med Visit Nordvest med fokus på tettare samarbeid og ein mogleg fusjon av de to organisasjonane. Styret har vore svært engasjert i å følgje opp strategien til selskapet og sikre ein god og berekraftig veg vidare. Styret har også vore opptekne av å leggje til rette for at regionen skal vidare vekst, samt utnytte dei noverande og nye moglegheitene i regionen. Det langsiktige fokuset på utvikling av medlemmer, marknader og destinasjonen står sentralt i dette arbeidet.

Styreleiar har også vore styremedlem i Møre og Romsdal Reiseliv (MRR) som bidrar til marknadsføring av regionen fram til MRR ble lagt ned i august 2024.

FORTSATT DRIFT

Rekneskapen for 2024 føreset «framleis drift» av selskapet. Selskapet har positiv eigenkapital ved utgangen av året på kr 5.579.407,-. Styret og administrasjonen har i fleire år praktisert streng inntekts- og kostnadskontroll med periodisering av rekneskap og budsjett. Selskapet har ein stabil økonomi utan likviditetsutfordringar gjennom året.

ÅRSREKNESKAP 2024

Driftsresultatet etter finanspostar var kr -192.743,-. Resultatet er kr 851.494,- lågare enn rekneskapen for 2023 som var på kr 658.751,-. Eit svakare resultat i 2024 skyldast mellom anna endring i tilskot frå MRFK og avslutning av Møre og Romsdal Reiseliv. Underskotet vert trekt frå eigenkapitalen.

BUDSJETT 2025

I samsvar med selskapet sine vedteker skal årsmøtet behandle budsjett for komande årsmøteperiode. Budsjettet for 2025 syner mellom anna at tilskotet frå Møre og Romsdal Fylkeskommune er redusert til kr 500.000,-. Det vil vere fokus på kostnadskontroll også inneverande år. Vi styrar mot eit positivt resultat også for 2025.

ARBEIDSMILJØ / YTRE MILJØ

Styret har hatt fokus på godt arbeidsmiljø for dei tilsette i selskapet. Det har ikkje vore gjennomført permitteringar gjennom året. Sjukefråværet i 2024 var totalt 1,04 prosent. Styret meiner at selskapet si verksemd ikkje forureinar det ytre miljø.

LIKESTILLING

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre praktiserer likestilling i si rekruttering og er positiv til likestilling. I 2024 var det tilsett fem kvinner og ein mann i selskapet. I styret er det fem kvinner og tre menn.

ÅRET 2024

Reiselivsåret 2024 vart nok eit rekordår med tanke på kommersielle gjestedøgn for vår region. For fyrste gong kan vi med stoltheit seie at over 1million gjestedøgn vart gjennomført i 2024. Det er totalt 5% fleire kommersielle gjestedøgn målt mot rekordåret 2019.

Det er svært tilfredsstillande å sjå at arbeidet med sesongutviding berer frukter. I 2024 hadde regionen ein vekst på omlag 25% i månadane april, mai og september, oktober mål mot 2023.

Tryggjande signal frå både turoperatørar og næringa her lokalt, gir tru på at også 2025 skal bli eit godt år for reiselivet i regionen. Høgare aktivitet gjennom alle fire årstider skal mellom anna sikre dette.

Fleire direkteruter til Ålesund Lufthamn Vigra understøttar målet om fleire internasjonale gjestar gjennom heile året. Vi i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre skal saman med dykk medlemmer og samarbeidspartnarar leggje til rette for at gjestane som kjem både skal bli lengre og bruke meir pengar.

Saman med utviklingsprosjekta er målretta sals- og marknadstiltak mot både den norske og internasjonale marknaden av dei viktigaste aktivitetane vi vil ha fokus på i 2025.

Ålesund 01.04.2025

Per Erik Dalen
Styreleiar

Aina Bjerkvik
Nestleiar

Silje Skarbø
Styremedlem

Monja Mjelva
Styremedlem

Sølvi Dimmen
Styremedlem

Monica Molvær
Styremedlem

Einar Arve Nordang
Styremedlem

Tom Anker Skrede
Dagleg leiar